

KARMØY KOMMUNE

# ENDRA SPILLVASSLEIDNING I SKREVEGEN 107

ADRESSE COWI AS  
Rennesøygata 12  
5537 Haugesund  
TLF +47 02694  
WWW cowi.no

SØKNAD OM UTSLEPPSLØYVE

<b>Adresse</b> Skrevegen 107	<b>Gårdsnr.</b> 112	<b>Bruksnr.</b> 1	<b>Festenr.</b>	<b>Seksjonsnr.</b>
<b>Ansvarlig søker</b> Cowi As Postboks 6412 Etterstad 0605 OSLO	<b>Tiltakshaver</b> Karmøy Kommune			
<b>Type tiltak/bygning</b> Graving og anlegg / Kommunale VA-ledninger				

## 1 Bakgrunn

COWI har fått i oppdrag av Karmøy kommune og Rogaland fylkeskommune å betra handteringa av overvatn og spillvatn i Skrelia, Karmøy kommune. Arbeida går ut på å koplå om VA-leidningar, og etablera nye kummar og røyr. Dei blir utførte i eksisterande VA-trasé og eksisterande grusveg.

Karmøy kommune drifter pumpestasjon PA554 på Skre, som handterer spillvatn for om lag 350 pe. For å betra tilstanden i bekken og strandsona, skal nødoverløpet flyttast ut i sjø på avstand og djupne etter forskrifta. Figur 1 viser plassering av utslepp og tilknytte bustadar.

Karmøy kommune har gitt rammeløyve til arbeida i Skrelia, med dispensasjon frå plan- og bygningsloven § 1-8 (vedlegg Skre02). Eit av vilkåra frå Karmøy kommune var å få løyve etter forureiningslova frå Statsforvaltaren i Rogaland, både for utslepp frå anleggsarbeidet, og for å leggja sjøleidningen. Etter vidare kommunikasjon med kommunen, har dei slått fast at Karmøy kommune sjølv er styresmakt når utsleppet er mindre enn 10 000 pe. Derfor sender COWI søknaden til sektor for areal og byggesak i Karmøy kommune. Dette er andre versjon av søknaden, revidert etter mangelbrev frå sakshandsamar mottatt 24. mars 23 (vedlegg Skre04).

OPPDRAGSNR.

DOKUMENTNR.

A223358

NO-003

VERSJON

UTGJEVINGSDATO

SKILDRING

UTARBEIDD

KONTROLLERT

GODKJEND

2.0

25.04.23

Søknad om utsleppsløyve

Torgeir Holmgard Valle

Andreas Lokna

Andreas Lokna

COWI vurderer at andre interesser som kan bli råka av tiltaket har blitt greidd ut tilstrekkeleg i rammeløyvet frå Karmøy kommune (vedlegg Skre02). I løyvet er følgande vilkår lista opp:


- > Ingen fiskarar blir haldt ansvarleg for skadar påført leidningar under fiske.
- > Leidningar må ikkje bli hengande oppe i vassjiktet nokon stad.
- > Alle arbeid (og sjølve tiltaket) som skal foretast i forbindelse med løyvet, må gjennomførast på så skånsam måte som mogleg, slik at omkringliggende miljø blir påverka så lite som mogleg.
- > Det blir ikkje innført forbod mot fiske der leidningane blir lagt.
- > Leidningar, med lodder eller andre forankringar, må utformast slik at fiskereiskapar ikkje hefter.
- > Leidningane sine posisjoner blir lagt inn på tilgjengelege kart.
- > Større og særleg støyande og inngripande arbeider i sjø blir gjennomført i haust-/vinterhalvåret når livet i sjøen er mest i ro.

## 1.1 Varsel

Hamnestyresmakt Karmsund hamn blei varsla i byggesak, og hadde ingen merknader, verken med tanke på fiskeriinteresser, publikum eller hamneverksemd og skipsfart. Naboane blei også varsla, og ingen hadde kommentarar til nødoverløpet.

Tysvær kommune blei varsla 14. april 2023 (varsel og svar vedlagt, høvesvis Skre05 og Skre06). Dei hadde følgande tilbakemeldingar:

- > Førresfjorden har økologisk tilstand «moderat», og skal oppnå minst «god» tilstand. I handsaming av søknaden må Karmøy kommune vurdere kor vidt tiltaket hindrar Førresfjorden i å nå «god» økologisk tilstand.
- > Det må bli iverksett tiltak for å halda overløpsutsleppet på eit absolutt minimum. Oppfølging og loggføring av utslepp bør vera ein del av internkontrollen.
- > Tiltaket må ikkje få konsekvensar for badevasskvaliteten ved Dragavika og andre strender til Førresfjorden.
- > Heile Førresfjorden er registrert som regionalt viktig gytefelt for kysttorsk.



Figur 1. Kartskisse over bustadar til pumpestasjon og utslippspunkt for naudoverløp. Punkt 1 er dagens utslippspunkt til bekk i Skreliia. Punkt 2 er planlagt plassering 50 meter frå land, omtrent til kote -15 i Førrsfjorden.

## 1.2 Tiltaket

Det skal leggst ein Ø180 PE-leidning omtrent 50 meter ut frå land, til ei djupne på omtrent 15 meter under havnivå. Leidningen blir tynga med belastningslodd i samsvar med forskrift, og blir graven ned i strandsona til den ligg på nokre meters djupne. Utløpet på omtrent -15 meter skal sikrast med eit standard utløpsarrangement over botn som sikrar drift og funksjon.

Teikning H10 med plan for utslppsleidninga er lagt ved søknaden (Skre01).

## 1.3 Skildring av utslppsstaden

Pumpestasjonen har i dag naudoverløp via en overvassleidning til ein liten bekk i Skreliia, som går vidare går ut mellom to fritidsbustadar/naust og ut i strandsona i Førrsfjorden (vann-ID: 0242040700-C). Bekken inngår geografisk i vassførekomst *Skre og Førre bekkefelt* (vann-ID: 039-175-R), men har ikkje årssikker vassføring, og er derfor ikkje innlemma i vassførekomsten, sjå Figur 2.



Figur 2. Kart over vassførekomsten Skre og Førre bekkefelt (039-175-R), kor bekkene er utfigurert i blått. Bekkene renner ut i Førresfjorden (0242040700-C). Planområdet er ringa inn i raudt av COWI. Skjermdump frå vann-nett.no

For å betra tilstanden i bekken og strandsona, skal nødoverløpet flyttast ut i Førresfjorden, til 50 meter avstand frå land, og omtrent 15 meter djupne (varierende botn på djupnekartet i området). Både bekkefeltet og fjorden er klassifisert med moderat økologisk tilstand i vann-nett. Flyttinga av utsleppspunktet vil vera ei stor betring for bekken. Sidan bekken renner ut i Førresfjorden, vil påverknaden ikkje endrast i nemneverdig grad.

## 2 Mengder spillvatn i utslepp

287 personar bur i bustadane i Karmøy kommune knytt til pumpestasjon PA554. I tillegg er det 27 hus med husnummer i Tysvær kommune knytt til same pumpestasjon (sjå kart i vedlegg Skre03). Me estimerer 2,2 pe per bustad i Tysvær kommune, som gir 59 pe derfrå, og 346 pe totalt.

Ved driftsstans sumpen i pumpestasjonen etter kvart gå til overløp, og registrere antal minutt med overløp. Når stasjonen går til overløp vil det sei at vasstanden i pumpeumpen overstig 190 cm, men stasjonen loggfører ikkje mengda som renn ut. Det kan være alt mellom 0 liter og den faktiske kapasiteten til Ø160 leidningen nedstrøms. I snitt antar me cirka 50 timer med overløp/år.

### 2.1 Historikk nødoverløp

De siste årene så har kommunen registrert nødoverløp:

- > 2018: Totalt 35 timer overløp (2093 minutt).
- > 2019: Totalt 46 timer overløp (2763 minutt).
- > 2020: Totalt 59 timer overløp (3564 minutt).
- > 2021: Totalt 54 timer overløp (3242 minutt).
- > 2022: Grunna utfordringar med datakvalitet har me ikkje tal å melda.
- > 2023: 17 timer overløp (1008 minutt) perioden 1.1.23-12.4.2023.

## 2.2 Estimat

Gitt eit verstefallsscenario med 150 liter/døgn/pe \* antal timer overløp, får me eit snitt på om lag 105 m<sup>3</sup>/år ureinsa spillvatn til Førresfjorden. I realiteten er utsleppet sannsynlegvis lågare, men me har ikkje tilgjengelege data eller grunnlag for å kvantifisere det faktiske utsleppet.

## 3 Forureiningsforskrifta

Nødoverløpet frå pumpestasjon PA554 i Skrelia har ikkje eit eksisterande utsleppsløyve, men er del av avløpsnett tilknytt slamavskiljaren SLA16051 som ligg lenger sør. For å flytta på nødoverløpet opplyser Karmøy kommune om at det må søkast løyve frå forureiningsforskrifta. Søknaden skal innehalda opplysingar som er naudsynte for kommunen si behandling, jf. forureiningsforskrifta § 13-4, første ledd.

Sidan utsleppet er eit nødoverløp som del av eit større avløpsnett, ser COWI det som at eit fåtal av krava i § 13-6 - § 13-16 er gjeldande. Pumpestasjon PA554 skal bli utstyrt med gjennomstrøymingsmålar på overløpet, slik at mengde overløp blir loggført. Resultata skal bli tatt med i vurderinga av analyser tilhøyrande reinsestasjon SLA16051, jf. §13-15 og 13-16. Det vil betra evna kommunen har til å følgja opp krava i § 13-6 *avløpsnett*, bokstav c.

COWI søker om å flytta utsleppspunktet av nødoverløpet frå pumpestasjon PA554, for å betre oppfylla kravet i § 13-9 *utsleppsstad*. Ved å flytta utsleppet frå ein bekk *utan* årssikker vassføring, til sjøbotn, vil tiltaket også minska lukt til omgjevnadane, jf. § 13-10 *lukt*. Utsleppet flyttast frå følsamt og normalt område, til mindre følsamt område, og dermed frå krav i § 13-7 til krav i § jf. 13-8.

COWI søker om fritak frå krava i forureiningsforskrifta § 13-8 og § 13-11 til § 13-14, då desse omhandlar reinsestasjonar. Utsleppet me søker om er eit nødoverløp frå ein pumpestasjon som går til reinsestasjon SLA16051, og må sest i samanheng med denne.

## 4 Vedlegg

- > Skre01 - H10 Utslppsledning
- > Skre02 - Vedtak om rammetillatelse - Graving og legging av spillvannsledning samt vann-overvannsledninger - gnr. 112 bnr. 1 - Skrevegen 107
- > Skre03 - Kart område - beregning pe - Karmøy kommune
- > Skre04 - Gnr. 112, bnr. 1 - Svar på søknad om utslippstillatelse - Skrevegen 107
- > Skre05 - 2023-04-14 Brev Tysvær
- > Skre06 - Kommentarer til varsling av nødoverløp - Pumpestasjon Skre - Karmøy kommune